



INFORMASJON TIL INNBYGGJARANE I SKODJE KOMMUNE

NR. 91 DESEMBER 2007

## Prestemarka

- Ein stad for trivsel og utvikling

### Gartneriet

Gartneriet har opningstider måndag - fredag kl. 9 - 16.

Utvila opningstider på gartneriet i desember:

Laurdag 15. des. kl. 10 - 16

Laurdag 22. des. kl. 10 - 16

Torsdag kl. 9 - 17

På gartneriet finn du juleblomster og juledekorasjonar til gode prisar.

Vi tek også inn snittblomar før jul.

Tlf. 70 24 48 97

### Fargeskrinet

Måndag - fredag kl. 8.30 - 15.30

Her finn du mange handlaga julegåver.


Tlf. 70 24 48 93

### Garden

Her sel vi ved i sekkar. Ring for bestilling og levering.

Måndag - fredag kl. 8 - 15

Tlf. 70 24 48 95



Skodje kommune  
ønskjer alle

God Jul

og

Godt Nytt År!

## Ungdommens kulturmönstring

Ungdommens kulturmönstring (UKM) Skodje 2008

**Tid:** Søndag 27. januar 2008

**Stad:** Skodje ungdomsskule, idrettsbygget

**Påmeldingsfrist:** 18.01.08

### Kva er UKM?

UKM er landets største kulturarrangement for ungdom.

Lokalmönstringane finn stad i kvar kommune i januar / februar.

UKM skal opne for flest mogleg sjangrar eller kulturuttrykk.

### Innhald

Til mönstringa i Skodje er det lagt opp til påmelding i tre kategoriar: sceneinnslag, video og utstillingsgjenstandar.

Tips:

- Sceneinnslag: song, musikk, teater, dans, stand-up.
- Video: ulike filmar; kortfilmar, animasjonsfilmar.
- Utstilling: foto, bildekunst, skulptur, kunsthandverk, husflid.

### Lengde på innslag

For å kunne avvikle mёнstringa på ein kveld, må vi setje ei maksimal tidsramme på 5 minutt for scene- og videoinnsлага.

### Aldersgrense

På lokalmönstringane kan deltakarane vere mellom 10 og 20 år. Når det gjeld deltakande

grupper, må minst halvparten vere innafor dette aldersspennet.

### Deltaking

Det er råd å delta med fleire innslag og i fleire sjangrar. Deltakarane må høyre til i kommunen, anten ved å bu fast eller gå på skule her. I grupper må minst ein ha slik tilhørsle.

Grupper som er sett saman av deltakarar tilhøyrande i fleire kommunar, kan delta på fleire mёнstringar.

### Fylkesmönstring

Nokre av deltakarane får tilbod om å representer kommunen under fylkesmönstringa. I år skal denne mёнstringa vere i Kristiansund 4. - 6. april 2008.

### Jury

Juryen har to oppgåver. Den eine er å gi kvar deltakar god tilbakemelding på innslaget. Den andre er å avgjere kven som skal få tilbod om å representere kommunen under fylkesmёнstringa.

### Påmelding

Påmelding skal skje på internett: [www.ukm.no](http://www.ukm.no). Vend deg til ein kulturkontakt på skulane viss du ikkje finn ut av påmeldinga.



## Litt av kvart

### Renovasjon

Plassering av oppsamlingseininger (dunk, sekkk):

Vi viser til forskrift for hushaldsavfall i Skodje kommune §8: «På hentestaden skal behaldaren plassera lett tilgjengeleg og synleg på eit plant og fast underlag i bakkenivå. Dersom plasseringa av ei oppsamlingseininger/behaldar utgjer ein skaderisiko, forringar renovatøren sitt arbeidsmiljø eller fører ulempa med seg, kan kommunen krevje at einingane blir omplasserte.»

### Renovasjon i romjula

Renovasjonsruter: Rute 9 og rute 10 vert köyrt **fredag 28.12.07.** (Sjå avfallskalender).

Sett bosset fram til kl. 07.00. Det vert köyrt med to bilar.

### Opningstider i romjula

Ekspedisjonstider på rådhuset og helseenteret vil i romjula vere **kl. 9.00 - 14.00.**

Det er mogleg å gjøre avtale med sakshandsamar på rådhuset utanom ekspedisjonstidene. Vi gjer merksam på at det kan vere redusert bemanning desse dagane.

### Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 7. mars. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 28. februar.

# Skodje kommune tilbyr eFaktura

Skodje kommune kan no tilby eFaktura. Brukar du eFaktura, kjem rekningane ferdig utfylt rett i nettbanken din, og vert oppbevart der. Da kan du til ei kvar tid gå inn i nettbanken og få opp bilet av både betalte og utbetalte rekningar.

Du vel sjølv når du vil betale rekninga med eit enkelt klick. Sidan alt er ferdig utfylt (KID, kontonummer etc.) er det berre å klikke for å betale. Om du vil, kan du få melding på e-post kvar gong det kjem ei ny rekning i nettbanken din.

Fordelar med eFaktura for deg som nettbank-kunde:

#### Slepp å taste KID

- KID, kontonummer og alt er ferdig utfylt. Det einaste du treng er å bekrefte betalinga.

#### Oversikt

- Du har oversikt over både betalte og utbetalte rekningar i nettbanken.
- Du kan til ei kvar tid sjå bilet av rekningane eller printe ut ved behov.

#### Kontroll

- Du må sjølv gå inn i nettbanken og betale.
- Du kan sjølv velge når du ønskjer å betale.

#### Betal kvar du vil

- Sidan rekningane kjem elektronisk i nettbanken din, er du ikkje avhengig av postkassa når du for eksempel er ute og reiser.

Om du vil ta i bruk eFaktura kan du enten seie ja neste gong du vert tilbydd det i nettbanken din, eller du kan aktivt gå inn i nettbanken og registrere deg for eFaktura. Du må da oppgi eFaktura-referanse som er 000 + kundenummeret ditt på fakturaen frå Skodje kommune.

Som eFaktura-kunde vil du motta alle rekningar frå kommunen som eFaktura.

For meir informasjon: [www.bbs.no](http://www.bbs.no)

# e Faktura



Dette skjer

8. klasse ved Skodje ungdomsskule presenterer i år julespelet

### «Snøkvit og dei sju dvergane»

Framsyninga blir i idrettshallen onsdag 12. desember kl. 18.30.

#### Billettprisar:

Barn (opp til 18 år): 30 kr

Vaksne: 50 kr

Familiar: 100 kr

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlante og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



# SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapsstlf. teknisk: 99 29 66 35  
[postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no) | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)